

Kommunar i Vestland

Invitasjon til fylkesting for ungdom 2021

Vestland ungdomsutval (VU) og Vestland fylkeskommune inviterer til fylkesting for ungdom Vestland 9. til 11. april.

Gjennomføring

Tidspunkt: 9.-11. april 2021

Stad: Quality Hotel Edvard Grieg, Bergen

- Fylkesting for ungdom Vestland skal ha ei samansetjing på 86 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Medlemene av fylkesting for ungdom skal vere mellom 13 og 19 år.
- Kvar kommune i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to delegatar til fylkesting for ungdom. Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til totalt ti observatørar. Desse stiller med talerett, men utan forslags -og røysterett.
- Sakliste vert lagt ut fjorten dagar før tingsetet.

Fylkesadministrasjonen har fortløpande kontakt med arrangørstad kring smittevern, og legg opp til ei trygg samling i Bergen. Det vil vere god plass til alle og vi vil sørge for at alle pålegg og anbefalingar om smittevernstiltak blir følgd. Om forholda ikkje tillèt fysisk samling, vil vi leggje til rette for at den blir digital. Ved digital samling ynskjer vi at den enkelte kommunen legg til rette for at delegatane kan delta via video frå kommunen sine lokalar. Dette for å gjere stas på delegatane, og for å minske tekniske utfordringar som kan oppstå ved eit digitalt arrangement av denne storleiken.

Meir informasjon

All informasjon om fylkesting for ungdom finn du på <https://www.vestlandfylke.no/kalender/2021-politiske-mote/fylkesting-for-ungdom/>

Der finn du informasjon om:

- Gjennomføring av tingsetet
- Alternativ for deltaking og prisar
- Samtykkeskjema, som alle deltakarar må sende inn
- Reise og opphald
- Korleis stille som kandidat til Vestland ungdomsutval

På desse sidene finn du også:

- Lenkje til påmeldingsskjema
- Program
- Saklister
- Ordensreglar

Påmeldingsfrist

Påmeldingsfristen er 21. mars 2021.

Vi ber om at denne invitasjonen vert vidareformidla til dei som vert påmelde til fylkesting for ungdom.

Vel møtt!

Kontaktinformasjon

- Susanne Sørli Slettebakken, leiar i Vestland ungdomsutval. E-post: Susanne.Sorli.Slettebakken@vlfk.no , mob. 960 12 969
- Arild Knapskog, rådgjevar ved politisk sekretariat, Vestland fylkeskommune. E-post: arild.knapskog@vlfk.no, mob.474 63 567.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål.

Med helsing

Arild Knapskog
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift